

Lars Nyre. 27. juni 2013.

Kursleiarers evaluering av INFOMEVI 270:

”Bacheloroppgåve i nye medier”

Våren 2013 vart INFOMEVI270 halde med ekstern praksis i bergenske verksemdar, for andre gong på rad. Årets kull besto av ti studentar som vart delt i grupper på tre, tre og fire. Inndelinga vart gjort så demokratisk som mogeleg. Studentane skulle laga eit komplett informasjons- eller mediedesign, og dei lagde ”Spent”, eit sosialt medium for spontan planlegging, ”postliste.no” ein søkemotor som effektiviserer søk i postlister, og ”NRK Retro” ei webside som viser video med metadata. Studentane klarte, etter mykje hardt arbeid, å levera fullt fungerande prototypar på sine design til fristen 31. mai. Etter kursleiarers vurdering tilfredsstiller alle tre prosjekta våre krav om innovasjon og nyskaping i studentoppgåver.

Endringsforslag: INFOMEI270 er eit kurs på 30 studiepoeng, og studentane skal ikkje gjera noko anna heile semesteret enn å arbeida med sine mediedesign saman med to eller tre medstudentar. Dette er litt utfordrande for motivasjonen, og krev gode samarbeidsevner for å gå smertefritt. Alle gruppene hadde problem med studentar som jobbar for mykje med andre ting, eller fall litt ut av prosjektet i periodar. Her trur eg eit sterkare regime med timeplan og tidsfristar ville ha hjelpe, og me bør vurdere ei endring i retning: fyrst praksis (t.d. 1 mnd), deretter utviklingsfase, og til slutt oppgåveskriving. Eit anna alternativ er å bryta opp 270 i to mindre kurs, slik journalistikk har det. Då ville praksis vore eit eige kurs på 10 studiepoeng, og designprosjektet vore på 20 poeng.

Ekstern praksis

I januar vart dei tre gruppene sett i kontakt med sine oppdragsgivarar og/eller samarbeidspartnarar: 1) Bergens Tidende, med Tove Knutsen som ansvarleg, 2) MobileTech, med Christer Erichsen i spissen, og 3) NRK Hordaland med Bodil Moldskred som ansvarleg. Dei to fyrstnemnte verksemdene hadde god oppfølging av studentane, og det er sterkt anbefalt å fortsetja å utvikla forholdet til dei neste år. Men NRK Hordaland er notorisk distanserte, og det trengst ein meir involvert representant for NRK hvis dette skal fungera i framtida. Neste år bør me også vurdere å ta kontakt med KnowIt og Universitetsbiblioteket; to samarbeidspartnarar frå 2012-sesongen. TV2 eller Vzrt bør vera ekstern praksispartner i framtida.

Utviklingsprosessen

INFOMEVI270 har aldri hatt vekt på teknisk opplæring. Studentane er i stor grad overletne til seg sjølve og praksispartneren i utviklingsprosessen, og det går hovudsakleg heilt fint. Studentane lærer seg nye programspråk og rutinar ved å bruka web-tutorials og snakka med andre. Men det er klart at ei meir systematisk teknisk opplæring hadde vore eit gode. Det beste hadde vore å kunna laga avtalar om birettleiing med programmeringskompetente folk på instituttet som Bjørnar Tessem, Eirik Stavelin, Solveig Bjørnestad, etc.

Brukarundersøkingane står i fokus på kurset. I år var det sett av ekstraressursar knytt til arbeidet med kvalitative intervju og web-surveys. Kursleiar samarbeidde med Bjarte Johansen om å laga spørjeskjemasystemet “Interrogativ”, og Johansen var undervisningsassistent og hjalp gruppene med tekniske utfordringar i den aktive fasen. Det er svært nyttig at instituttet utviklar sitt eige spørjeskjemasystem, og eg anbefaler at me fortset utviklingsprosessen neste år. Ein annan kontrollfaktor er at kursleiar krevde at spørjeundersøkingane skulle godkjennast i NSD som ein del av læringsprosessen. Dette lærte studentane mykje metode av å gjera!

Forelesingar/rettleiing

I januar og februar hadde Nyre forelesingar der eg introduserte kurset, og me gjekk gjennom dei enkelte prosjekta. Me hadde også gjesteforelesingar frå forskar Anders Fagerjord og medieprodusent Cecilie Stranger-Thorsen. Utover våren vart det stadig meir fokus på rettleiing, og eg avlyste fleire plenumssamlingar. Men neste år bør plenumssamlingane haldast oppe gjennom heile semesteret. Her bør det vera ei skarpere framstilling av pensum, med fellesforelesingar som går direkte på rapportskrivinga heilt frå starten av. Her vil det vera fokus på metodar for brukarstudier, utvikling og samarbeid, interaksjonsdesign, etc. Dette vil kunna redusera behovet for individuell rettleiing på oppgåva mot slutten av semesteret, for då seier eg ofte det same om att til alle saman. Det bør også vera fleire gjesteforelesingar, gjerne frå våre kontaktpersonar i mediebransjen. Både Anders Fagerjord og Cecilie Stranger-Thorsen bør inviterast på nytt neste år.

Eksamen

Våren 2013 var det ti kandidatar. Ingen falt frå etter semesterstart. Sju studentar fekk B medan tre fekk C. Det viste seg at årets sensorpar gav same karakterar til alle studentane innafor ei gruppe, og dei tre som fekk C høyrde til same gruppe.

No består eksamen av ei tredelt innlevering, med bestått praksis som krav for å gå opp til eksamen, og deretter felles produksjon og individuell rapport som tel 50 % kvar. Det kan muligens gjerast ei endring her. Det er nemleg ein tendens til at oppgåvene vert litt like kvarandre internt i eit prosjekt, og dette kan motverkast til dømes på denne måten; ei firedelt inndeling, med bestått praksis, felles produksjon og felles rapport (tilsaman 50 %), og ein individuell fagleg analyse som kan forholde seg friare til sjølve produksjonen (50 %).

Langsiktige tiltak

INFOMEVI270 har fått mykje positiv respons i løpet av dei to åra det har vore praksisbasert. Det er til dømes lett å merka kor lite fokus bransjen har på grundige brukarundersøkingar, noko våre studentar gjer som ein fast del av prosjektet, og som dermed vert veldig verdifullt for bransjen. Det er også lett å merka kor instrumentelt nyttige studentane er for bedriftene. Dei er fersk, lærevillig og formbar arbeidskraft, og denne verdien er stabilt høg og vil gjera våre studentar attraktive nesten uansett kva me lærer dei. Meg meiner at ”nye medier”-faget må verta tydelegare innretta på mediemessige forhold. No er det litt for likt informasjonsvitskap i innretninga, men det avsluttande kurset INFOMEVI270 stakar ut retninga som heile faget bør bevega seg i.

Eg har i mange år foreslått at bachelorgraden skiftar namn til ”mediedesign”, men har så langt ikkje fått gjennomslag. Imidlertid vil eg no foreslå at INFOMEVI 270 skriftar namn til ”Mediedesign”. Eg avsluttar med nokre gode tankar frå gjesteforelesar Cecilie Stranger-Thorsen, som driv si eiga bedrift i den svenske TV-bransjen (Malmö). Ho skriv i ein epost at vår utdanning må gje ”innsikt i en ny kombinasjon av disipliner”, og lagar ei liste over kunnskapskrav som eg meiner passar godt med tanken om ”mediedesign”:

- Villkårene for digital distribusjon (inkl rettighetsproblematikk)
- Moderne historiefortelling og evnen til å skape mikro- og virale fortellinger
- Opplevelses- / interaksjonsdesign (Produksjon med – ikke for – brukerne: ‘what’s in it for them, å senke terskelen for deltagelse, fra megafon til communitybygging / call of

action)

- Organisering og orkestrering av 'symfonier av fortellinger'
- Eksisterende digitale forretningsmodeller og utforskning av alternative
- Partnerskap og nye samarbeidsformer

Med en slik innretning vil man ikke bare kunne møte et fremtidig behov i bransjen og et skjæringspunkt hvor unge mediebrukere og –produsenter allerede befinner seg - men vil også kunne utvikle målrettede etterutdanningstilbud for en bransje som behøver å oppdateres.”